


SAGA VED LUNDEFOSSEN



Oppgangssaga ved Lundebrua vart bygd av Ola Lofthus ein gong i 1880-åra. Ho vart dregen med vatn og hadde fyrst berre oppgangsblad. Seinare vart dette skifta ut med eit sirkelblad.

Ola Lofthus dreiv mykje med snikking. Attåt leigeskjering, skar han matrialar til eige arbeid. Han var tilsett av Follum for å ta seg av vedlikehald og bygging av eigedommane dei hadde.

Saga utnytta fallet i fossen. Om lag femti meter nedanfor Lundebrua var det ein demning. Denne var laga av tømmer som stod på ende ned mot botnen i elva. Mot vest var det sett opp ein solid steinmur så vatnet ikkje skulle fløyme nedover vegen mot vestsida. I muren var det eit høl med luke i. Denne kunne ein sleppe vatnet nedover mot saga med. Frå hølet gjekk vannet nedetter ein kanal og over i ei tre-renne nedover mot saga. Midt på saga var det ei luke i botnen. Når luka vart opna, fossa vatnet ned på eit skovlhjul av tre. Akslingen var ein kraftig trestokk. Herifrå gjekk det reimer opp til sjølve saga.



Sagbenken hadde ikkje sølvdrag, så benken laut dragast fram med sveiv. Etter at Ola døyde i 1912 vart fossen og saga seld til Follum. På 1990-talet vart det sett opp ei rekonstruert utgåve av saga.

Kjelde: Etna frå fjell til fjord, Torodd Lybeck m.fl.

